

Bergen, 16. november 2015

DERES REF: Saksnummer/PlanID | VÅR REF: 616204
DOKUMENTKODE: 616204-PLAN-PBL-Varslingsbrev
TILGJENGELIGHET: Open

KVAMSKOGEN FV7 GS-VEG, REGULERINGSPLAN Varsel om oppstart av planarbeid

I medhald av plan- og bygningslova § 12-8 og §12-9 vert det med dette varsla om at reguleringssplanarbeid vert sett i gang for 2 strekningar langs fv.7 over kvamskogen, Tokagjelet – Ungdomsheimen og NAF – Eikedalen. Reguleringssplanane vert utarbeidd av Multiconsult på vegne av Kvam herad.

Formålet med planarbeidet er å leggje til rette for bygging av gang- og sykkelveg langs fv.7 over kvamskogen samt planfri kryssing av skiløype ved klubben og på Jonshøgdi. Sanering av avkøyrslar til fv 7 vil vera ein del av planarbeidet.


Reguleringsplanarbeidet er i samsvar med overordna plan og omfattar ikkje tiltak som er av ein slik karakter at er krav om konsekvensutgreiing til reguleringssplanane. Viser til kommunedelplan for 2010-2020 og trafikkanalyse kvamskogen datert 04.10.2011.

Bakgrunn

Kvamskogen er det tredje største hytteområdet i Noreg og kommunedelplan for kvamskogen 2010-2020 legg opp til enda større utbygging i området. Kommunedelplanen for kvamskogen legg til grunn ein del premiss for utviklinga i området. Det skal vere eit godt langsgående system for syklande og gåande langs fv 7. Det er vist 4 skiløyper i kommunepleanen for at tur/skiløyper skal kunne krysse over fv7. I tillegg står det i kommunedelplanen at fylkesvegen bør ha ein standard tilsvarande vegnormalen og haldninga til avkøyrslar på kvamskogen skal vere restriktiv. Til saman skal desse tiltaka vere med å betre trafikksikkerleiken på fv.7 over kvamskogen i tillegg til å handtere den utviklinga som kommunedelplanen legg opp til.

Planområde del 1: Detaljreguleringsplan for Tokagjelet-Ungdomsheimen

Planområdet for strekninga Tokagjelet-Ungdomsheimen startar ved avkøyrse til turveg Tokagjelet-Byrjesete-Dusjgjele og fortset vidare ei strekning på om lag 1,5 km i retning Ungdomsheimen langs fv.7. Planområdet dekker eit område på 50 meter til kvar side av fylkesveg 7 veg.




Figur 1. Kartillustrasjon av planområdet Tokagjelet - Ungdomsheimen

Formål for reguleringsplanen Tokagjelet-Ungdomsheimen

Formålet med planen er i hovudsak gang- og sykkelveg langs nordsida av fylkesveg. Gang- og sykkelveg skal kople seg til gang- og sykkelveg i vedteken reguleringsplan Ungdomsheimen-NAF-kiosken (PlanID 1238 20110018). Planen skal også leggje til rette for bygging av planfri kryssning av skiløype ved klubben. I planarbeidet vil det verta arbeid med sanering av avkøyrser.

Planområde del 2: Detaljreguleringsplan for NAF – Eikedalen.

Planområdet ligg frå NAF-bygget og strekker seg langs fv.7 med krysset til Eikedalen i Samananger kommune. Planområdet omfattar ein strekning på om lag 5,7 km og eit område på 50 meter til kvar side av fylkesvegen. Eksisterande veg kring Teigaberget ingår i planområdet og kan verta planlagt som gang- og sykkelveg. Planavgrensinga inkluderer i tillegg parkeringsplassen ved Jonshøgdi. Dette for å sikre nok areal til løysing for skibru.



Figur 2, Kartillustrasjon over planområdet for strekninga NAF - Eikedalen

Formål for reguleringsplanen NAF – Eikedalen.

Formålet med planen er i hovudsak gang- og sykkelveg langs sørsida av fylkesveg 7. Planen skal kople seg til gang- og sykkelveg i vedteken reguleringsplan Ungdomshimen-NAF-kiosken (PlanID 1238 20110018). Planen skal også leggje til rette for bygging av planfri kryssing av skiløypa ved Jonshøgdi og kryssing i plan til Eikedalen. I planarbeidet vil det verta arbeidd med sanering av avkøyrslar, som samanslåing av avkøyrslapunktter

Saksang

Heimelskavarar, naboar og relevante offentlege og private instansar vert med dette varsla med brev. I tillegg vert planarbeidet kunngjort i avisa Hordaland folkeblad. Motteknene merknader og innspel vil verte vurdert ved utarbeiding av forslag til reguleringsplan. Vi ber om at merknader og innspel til planarbeida har ei overskrift i forhold til kva planområde merkneiden/ innspellet gjeld, dette for å sikre at det vert teke med i vurdering til rett reguleringsplan.

Når det er utarbeidd to forslag til reguleringsplanar med plankart og føresegner, vil reguleringsplanane verte lagt ut til offentleg ettersyn.

Kunngjeringa av oppstart av planarbeid vil også bli lagt ut på Kvam Herad og Samnanger kommune sine heimesider: <http://www.kvam.no> <https://www.samnanger.kommune.no>

Informasjon om planarbeidet kan de også finne på våre nettsider www.multiconsult.no/aktuelt/kunngjoringer.

Eventuelle merknader/kommentarar til det planarbeidet skal sendast skriftleg til: Multiconsult ASA, v/ Toril Amundsen, Nesttunbrekka 99, 5221 NESTTUN, eller e-post: toril.amundsen@multiconsult.no innan 23.12.2015.

Med vennleg helsing
Multiconsult

Toril Amundsen
Arealplanleggar

Kopi til:

Kvam Herad v/Trond Inge Brakestad og Leiv Ingmar Kaale.
Samnanger kommune v/Roald Aandahl